

Gro og Einar Borgund
Raunholmskogen 27
5936 Manger

Manger, den 13. august 2014

Radøy kommune,
Radøyvegen 1690,
5936 Manger.

**Områdeplan Olsvollstranda næringsområde
Plannr.: 12602012000100**

Merknad til planforslaget vedkomande gnr. 77, bnr. 2 og 68

Tomten bnr. 68, vart godkjent av planutvalet 04.10.94, sak 15/94 og av bygningsrådet 16.11.94, sak 111/94.

Sjå vedlegg.

Tomten er lagt til rette for utbygging i samsvar med ovannemnde løyve.
Med sakshandsaming og tilretteleggingskostnader har vi investert over kr. 90.000 i tomten.

I det framlagde planframlegget er bnr. 68 ein del av det regulerte byggearealet. I alt 6 tomteeininger. Vi forstår planframlegget slik at bnr. 68 ikkje får behalde vegtilkomsten, vatn- og avløpsløysinga slik som tidlegare er godkjent. Dette kan vi ikkje godta.

Vi ser det slik at det må vere ei grei sak at første tomt etter reguleringsforslaget vert utbygd i samsvar med tidlegare godkjenning for bnr. 68.

Dei 5 andre i tomterekka kan så leggast til rette for utbygging under eitt. Når første tomt (del av bnr. 68) får tilkomst til noverande byggefelt, kan fellesvegen for dei andre 5 tomtane gjerast vesentleg kortare.

Med helsing

Gro Borgund
Gro Borgund

Einar Borgund
Einar Borgund

Vedlegg: Utskrift frå møtebok Radøy formannskap, sak 46/98